



FestidaGen - mykje kjekt og spennande for dei unge!

FestidaGen har også i år eit svært spennande tilbod til born og unge. Det er no fullteikna på to av tilboda, Redesign og Parkour, men elles er det ledige plassar på dei andre tilboda. Påmeldingsfristen er 20.juli så no gjeld det å hiva seg rundt å melda seg på på dei kjekke aktivitetane.

FestidaGen-aktivitetane startar torsdag 4.august, held fram fredag og vert avslutta med FestidaGen-show laurdag 6. august. Sjølv om to av aktivitetane no er fullteikna, er det framleis svært mykje kjekt å spennande å velja i. Vi ramsar opp:

- **Cosplay** med Mia Maki, 8-13 år, torsdag og fredag.
- **Breakdance/hiphop** med ABSENCE crew, 9-12 år og 13-18 år, laurdag.
- **Design av spel**, 13-18 år, torsdag og fredag.
- **Bygg sjølv**, 5-7 år, torsdag og fredag.
- **Festauranten**, 12-18 år, torsdag
- **Nysirkus** med Nysirkus Pilar, 9-12 år og 13-18 år, torsdag og fredag
- **Rocketroll**, 5-7 år, torsdag og fredag.
- **Teikneseriekurs** med Espen Terjesen, 8-12 år og 13-18 år, torsdag og fredag
- **Småstjerner**, laurdag.

Med Redesign og Parkour som fullteikna, er det altså framleis 9 kjekke muligheter for ulike aldersgrupper att. De finn [fleire opplysningar om dei ulike aktivitetane og påmeldingsskjema under FestidaGen på Festidalen si heimeside](#). Og påmeldingsfristen er altså 20.juli. Eg minner spesielt om påmelding til Småstjerner. Det er eit kjempegøy innslag under FestidaGen-showet.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Festidalen.